



Notat

Emne: Møtereferat

Tid: Tysdag 13.03.18 kl 10-11

Stad: Rådhuset Manger

Tilsttade: Haugland VVS v/Arnstein Haugland og Håkon Haugland. Frå Radøy kommune Hogne Askeland og Tonje Nepstad Epland

Tema: Ferdigstilling av felles anlegg for vatn og avlaup i Rossnes

Haugland VVS vil følgje opp byggesaka og gjere det som er naudsynt for å få ferdigattest på felles VA anlegg i Rossnes.

Status:

Det skal vere gjeve utsleppsløyve for 52 einingar.

Det er uavklart om det er gjeve løyve etter plan- og bygningslova for alle anlegga. Stikkprøver viser at det er gjeve ansvarsrettar etter plan- og bygningslova i nokre av utsleppsløyva. Det kan sjå ut til at det ikkje er gjeve byggeløyve for hovudleidningsnett.

Kommunen har motteke nokre kontrollærklæringar frå Haugland VVS i 2010, men ikkje søknad om ferdigattest. Kommunen har gjort stikkprøver som viser at mottatte kontrollærklæringane er knytt til rolla som PRO/KPR.

For nokre eigedomar som er bygd i seinare tid er vatn- og avlaupsanlegget handsma som del av byggesaka.

Vidare prosess:

1. Haugland VVS lagar eit støttedokument (tabell) som viser alle eigedomane og med informasjon om kva arbeid som er utført av Haugland VVS på den einskilde eigedom, om eigedomen har innlagt vatn, vatn i utvendigkran, avlaupsanlegg etablert av Haugland, eldre anlegg kopla til ny leidning etc. Støttedokumentet må avklare kommunen sin spørsmål i brev av 31.01.12
2. Radøy kommune sender informasjon til HauglandVVS om kva eigedomar som er bygd i seinare tid og der VA anlegget er del av byggesaka. (Hogne)

3. Haugland VVS sender inn som bygget teikningar i samsvar med kommunen sitt brev av 31.01.12.
4. Haugland VVS søker om byggeløyve for den del av anlegget som eventuelt ikkje tidlegare er godkjent etter plan- og bygningslova. Det er ser ut til at dette i alle tilfeller gjeld fellesleidningar.
5. Haugland VVS søker om ferdigattest. Søknad om ferdigattest må vedleggjast naudsynte kontrollerklæringar for UTF/KUT og innmålingsdata.
6. Det må avklarast med Teknisk drift v/Einar Færø om kommunen ynskjer å overta leidning i sjø. (Haugland VVS)
7. Det må avklarast om alle eigedomane har søkt og betalt tilkopling til kommunal vatn. (Hogne)
8. Det må sendast inn kopi av tømmeavtale for alle eigedomane som har avlaup. (Haugland VVS/den einkilde grunneigar)
9. Det må sendast melding til Statens kartverk, Sjø og Bergen og omland hamnevesen om leidning i sjø og skilting i samsvar med vilkår i løyve frå Bergen og Omland hamnevesen. (Haugland VVS)

Se for øvrig kommunen sitt brev av 31.01.12.

I den grad det må søkjast om løyve etter plan- og bygningslova skal søknaden nabovarslast. Nabovarsling kan skje per e-post med stadfesting frå mottakar.

Fristar:

Veke 13: Støttedokument skal vere ferdigstilt

Vke 15: Avklaringar om vidare søknadsprosess med kommunan

Veke 17: Søknad om løyve til tiltak og søknad om ferdigattest skal sendast inn

Kommunen sin sakshandsamingstid for eitt-trinns søknad om løyve til tiltak er normalt 3 veker.

Kommunen sin sakshandsamingsfrist for søknad om ferdigattest er 3 veker.

Innsynskrav:

Utsleppsløyver og kontrollerklæringar er journalført på det einkilde gards- og bruksnummer. Innsynskrav er sendt arkivet som vil oversende dokumenta til Haugland VVS på hakon@haugland-vvs.no.

Sak 08/452 Fellesanlegg

Sak 08/449 til sak 08/559 Utsleppsløyve per gards- og bruksnummer

Saksbehandlar: Teknisk forvaltning/Tonje Nepstad Epland

Vår referanse: 18/598 - 18/4059 / Gbnr - 17/1 mfl., FA - L42

Dato: 15.03.2018

